



Fråsegn til søknader om utsett byggjefrist og endra nettilknyting for fem småkraftverk ved Åkrafjorden i Etne kommune

Oppgraderinga av kraftleidninga Storbjørnlistølen – Tysse og nettilknyting for dei fem småkraftverka i Etne er planlagt med utgangspunkt i gjeldande konsesjonar og eksisterande inngrep. Vi har ikkje avgjerande merknader til dei nye naturkartleggingane eller tiltaka som er på høyring.

Vi viser til høyringa av søknader om utsett byggjefrist, og utsett byggjefrist og endra nettilknyting, for fem småkraftverk i Etne kommune:

- Ny kraftleidning, transformatorstasjon og koplingskiosk:
 - Leidning Storbjørnlistølen – Tysse; det er tilstrekkeleg å byggje berre delar av konsesjonsgitt leidning, men spenningsnivået skal aukast frå 66 kV til 132 kV.
 - Tysse transformatorstasjon i eit innandørs anlegg lokalisert saman med Tøsse kraftverk. Byggjefristen for det tidlegare konsesjonsgitte anlegget er gått ut.
 - Koplingskiosk ved Storbjørnlistølen.
- Fem kraftverk ved Åkrafjorden:
 - Eikemo kraftverk; utsett byggjefrist for kraftverket; nettilknyting med 500 meter jordkabel og generator/koplingsanlegg inne i kraftstasjonen.
 - Tøsse kraftverk; utsett byggjefrist for kraftverket; nettløysing skissert i det første kulepunktet erstattar tidlegare konsesjonsgitt transformatorstasjon og 850 meter jordkabel.
 - Djuvselva kraftverk; byggjefristen for kraftverket er allereie utsett; nettløysing med 50 meter hengekabel frå kraftstasjon til Fagnes nettstasjon, og generator/koplingsanlegg inne i kraftstasjonen.
 - Miljateig kraftverk; byggjefristen for kraftverket er allereie utsett; nettløysing med 500 meter hengekabel langs kommunal veg frå kraftstasjon til Fagnes nettstasjon, og generator/koplingsanlegg inne i kraftstasjonen.
 - Hetleflåt kraftverk; utsett byggjefrist for kraftverket; nettilknyting med 125 meter jord- og hengekabel frå kraftstasjonen til nettstasjon, og generator/koplingsanlegg inne i kraftstasjonen.



Vår vurdering

Tiltaka skal auke produksjonen av fornybar energi og sikre framtidig straumforsyning, og har dermed stor samfunnsnytte. Det er store tiltak som samla vil gi monalege naturinngrep. Mykje av dette er allereie avklara i gjeldande konsesjonar.

Vi legg generelt til grunn at dei konsesjonssøkte nettilknytningane er valde etter ei samla vurdering av ulike interesser som òg omfattar naturmiljø, landbruk, landskap, friluftsliv, støy, anna forureining, og flaum- og skredfare. Det bør stillast vilkår slik at tiltaket blir utført med minst mogleg varige inngrep i naturmiljø og dyrka mark, med god terreng- og landskapstilpassing, og at områda blir sette i stand att i tråd med moderne prinsipp om bruk av lokale artar og lokal frøbank til revegeteringa.

Oppgradering til 132 kV for den konsesjonsgitte 66 kV-linja frå Storbjørnlistølen til Tysse, vil gi breiare og høgare master. Dette vil følgeleg auke inngrepet i naturmiljø og landskapsrommet noko, men etter vår vurdering ikkje i avgjerande grad opp mot den allereie godkjende llinja.

Koplingskiosken ved Storbjørnlistølen er omtalt som ein betong-kiosk, og vil byggje ned eit areal på 70 m² nær kraftlinja. Lokaliseringa er i eit tiltalande stølsområde, og vi legg til grunn at bygget blir godt tilpassa terrenget, slik at inngrepet ikkje blir større enn nødvendig.

Tysse transformatorstasjon vil bli samlokalisert med Tøsse kraftstasjon i eit eige bygg, medan koplingsanlegga/generatorane til dei andre kraftverka vil bli lokalisert inne i kraftstasjonsbygga. Dette ser ut til å vere gode løysingar, som bidreg til å avgrense inngrepa. Det er registrert ask, som er sterkt truga (raudlista, kategori EN) ved Hetleflåt kraftstasjon, men det ser ikkje ut til at linja/jordkabelen vil få konsekvensar for arten. Vi vil likevel understreke at eventuelle større eksemplar har stor verdi og bør, om mogleg, ivaretakast.

Vi har ikkje avgjerande merknader til den nye naturmiljøkartleggingane eller til søknadene om utsett byggjefrist for Tøsse kraftverk, Eikemo kraftverk eller Hetleflåt kraftverk.

Med helsing

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Etne kommune
Vestland fylkeskommune

Sjoarvegen 2
Postboks 7900

5590
5020

ETNE
BERGEN